



Kjell-Ove Sanden
Hillandsv 9A
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/6193 - 14/20728

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
17.09.2014

Løyve til tiltak - gbnr 134/114 Hilland - mur, bod og sommarhage

Administrativt vedtak

Vedtak 1:

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 og grunngjeving i saksvurderinga vert det gjeve dispensasjon frå grad av utnytting i reguleringsplanen. Dispensasjonen omfattar dei tiltaka som er lista opp under avsnittet «Søknaden gjeld».

Vedtak 2:

Kommunen gjev løyve til tiltak for oppføring av veranda, bod og sommarhage som utført og for eksisterande mur med visse endringar, jf plan- og bygningslova (pbl) § 20-1. Løyvet omfattar dei tiltaka som er lista opp under avsnittet «Søknaden gjeld». Løyvet vert gjeve på følgjande vilkår:

1. Tiltaka skal vera i samsvar med vilkåra i brev datert 11.09.2014 frå teknisk drift.
2. Tiltakshavar skal sjå til at arbeida er gjennomført i samsvar med gjeldande lov og regelverk. Ikkje noko arbeid må utførast utover det som er omfatta av løyvet.
3. Dette løyvet, med dei kart og teikningar det vert vist til, skal alltid vera tilgjengeleg på byggeplassen. Eventuelle endringar må søkast om og godkjennast av kommunen før dei kan gjennomførast.
4. Tiltaket må ikkje takast i bruk før ferdigattest, eventuelt mellombels bruksløyve er gjeve, jf pbl § 21-10

Løyve til tiltak er gjeve i medhald av plan- og bygningslova og gjev ikkje utan vidare rett til å bygga i høve til anna lovverk eller privatrettslege forhold, jf pbl § 21-6.

Søknaden gjeld

1. Veranda
2. Støttemur
3. Sommarhage som tilbygg til bustad
4. Frittstående bod

Saka går ut på legalisering av tiltak som er oppført ulovleg i strid med reguleringsplan, veglov og avstand til offentlig leidningsnett. Det vart i samband med ein (mangelfull) søknad om veranda i 2013 avdekka at det var oppført fleire tiltak som det ikkje var søkt om. Same året vart det sendt inn ein ny søknad, som omfatta alle tiltaka i saka, men teknisk drift kunne ikkje godkjenna muren oppå leidningar for vatn og avløp. Den 08.09.2014 kom det inn ny søknad, som er i samsvar med det som teknisk drift kan akseptera.

Dispensasjon frå gjeldande reguleringsplan

som er *reguleringsplan for Rv 565 Hilland Alverstraumen*. Tillaten utnyttingsgrad (TU) er 25 %. Denne grensa er overskriden, utan at det er spesifisert kor mykje. Administrasjonen vurderer tomteutnyttinga til å vera akseptabel ut frå forholda i denne saka. Denne reguleringsplanen har ikkje regulert byggegrense mot kommuneveg. Det er difor veglova som gjeld, med byggegrense 15 m frå vegmidte. Teknisk drift har gjort vedtak om dispensasjon i brev datert 11.09.2014, som også omfattar

dispensasjon frå reglar om avstand frå offentlege leidningar.

Muren var oppført oppå leidningar for vatn og kloakk. Delar av muren er riven, leidningane er lagt om, og og muren skal få ei ny avslutning i samsvar med vilkår i dispensasjonen.

Forholdet til naboar:

Eigarane av naboeigedommane er varsla. Det er også lagt fram samtykke frå ein nabo for redusert avstand frå muren til nabogrensa.

Forholdet til andre styresmakter:

Dispensasjonen frå reguleringsplanener av ein slik karakter at det ikkje er naudsynt å senda saka på høyringsrunde/klagevurdering til regionale styresmakter.

Klage

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. Lov om offentlig forvaltning. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ønsker. Klagen skal grunngjevast.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket, og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open (fylkesmannen). Søksmål skal likevel i alle tilhøve kunne reisast når det er gått 6 månadar frå klage fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar si side at klageinstansens avgjerd ikkje føreligg jf. forvaltningsloven § 27 b.

Gebyr.

Gebyr for sakshandsaming vert fastsett i samsvar med kommunen sitt gebyrregulativ. Det vert sendt faktura til tiltakshavar.

Søknadspålitige tiltak (Pbl§20-1)	Gebyr
10.2.5 Basisgebyr konstruksjonar og anlegg	Kr 10.000
9.1.1 Dispensasjonsvurdering	Kr 8.500
SUM	Kr 18.500

Gebyret skal vera betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan settast i gang, jf. pbl. § 21-4 (6).

Klage over gebyr

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunnngjeven.

Med helsing

Siril Therese Sylta
konst. fagleiar

Knut Bjørnevoll
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Svar på søknad om dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg, gbnr 134114, Hillandsvegen
Revidert situasjonskart gbnr134-114

Kopi til:

Teknisk drift VA
Teknisk drift VEG

Mottakarar:

Kjell-Ove Sanden

Hillandsv 9A

5911

ALVERSUND